

VEDTEKTER FOR HORNINDAL BARNEHAGE (gjeldande frå 01.11.2017)

1 EIGAR

Hornindal kommune eig og driv Hornindal barnehage. Utval for oppvekst og helse er det overordna styringsorganet og rådmannen har det administrative ansvaret for barnehagen.

2 LOV OG REGELVERK

Barnehagen vert driven i samsvar med Lov om barnehagar, føresegner og retningslinjer frå departementet, rammeplan og kommunale vedtak

3 FØREMÅL

(§ 1 – Barnehagelova)

”Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta dei behov barn har for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane. Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og dugleikar. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnadar.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndomen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling, og motarbeide alle former for diskriminering.”

4 INNHALD

(Frå §2 – Barnehagelova)

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd. Den skal gi barna høve til leik, livsutfolding og meningsfulle opplevingar og aktivitetar.

Barnehagen skal ta omsyn til barna sin alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn. I dette også samiske barn sitt språk og kultur.

Barnehagen skal formidle verdiar og kultur, gi rom for barna sin eigen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap.

Barnehagen skal støtte barn si nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, kunnskapar og ferdigheiter.

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og ein førebyggjande funksjon og bidra til å utjamne sosiale forskjellar.

Rammeplanen skal gi retningslinjer for innhald og oppgåver, og vert tilpassa lokale forhold.

5 FORELDRE RÅD OG SAMARBEIDSUTVAL

Foreldreråd

Barnehagen skal ha eit foreldreråd der foreldra/føresette til alle barna i barnehagen er medlemmer. Styraren i barnehagen syter for at det vert kalla inn til det første møtet i kvart barnehageår.

Samarbeidsutval

Barnehagen sitt samarbeidsutval skal ha slik samansetjing:

2-3 representantar frå foreldrerådet

2 representantar frå dei tilsette

1 representantar frå kommunen

Kvart organ vel sine representant/ar for eitt år med unntak av kommunen sin representant som følgjer valperioden.

6 OPPTAK AV BORN

Samordna opptak (Barnehagelova § 12)

Hornindal kommune har samordna opptak for å sikre lik handsaming av barn og av kommunal og privat barnehage. Kommunen er opptakskrins. Søknadskjema ligg på Hornindal kommune sine heimesider; <https://hornindal.kommune.no/>

Hovedopptak med oppstart i august har søknadsfrist 1. mars. Utlysing på heimeside, oppslag i barnehagen og i lokalavisa.

Hovedopptaket omfattar barn som i henhold til lov om barnehager § 12a har rett til barnehageplass. Barnehageplassane blir tildelt fra august. Dersom barnet fyller ett år i september, oktober eller november det året det blir søkt om plass, har barnet rett på plass innan utgangen av den månaden barnet blei født.

Barn har rett til barnehageplass dersom:

- har søkt innan fristen for årlig hovedopptak (1. mars)
- fyller ett år senest innan utgangen av november det året det blir søkt om barnehageplass
- er bosatt i Hornindal kommune når det byrjar i barnehagen
- ønsker oppstart i barnehage i august, eller september, oktober og november for barn født i disse månedene.

For opptak gjeld opptakskriteria. Utover dette har barnehagen kontinuerleg opptak gjennom barnehageåret.

Barn skal reknast som tre år fra august det året barnet fyller tre år.

Opptaksmynde

Rådmannen har delegert opptaksmynde.

Klage på opptak

Klage skal sendast rådmannen v/kommunalsjef oppvekst og kultur og følgje rutinar i forskrift om sakshandsaming ved opptak til barnehage.

Opptaksperiode

Tildelt barnehageplass gjeld frå det tidspunktet som står på tildelingsbrevet, og plassen er bindande til den vert sagt opp skriftleg, eller ut barnehageåret det året barnet tek til i skulen.

7 OPPTAKSKRITERIE

Barnehageplass i Hornindal føreset at barnet er busett i kommunen ved oppstart. Søkjarar frå andre kommunar kan bli tildelt plass for eit barnehageår om gongen dersom det er ledige plassar, dei som har arbeidet sitt i verksemd i Hornindal kommune vil bli prioriterte.

Alle barn som søker innan fristen for hovudopptak, og som fyller eitt år innan utgangen av november, har rett til barnehageplass (Barnehagelova §12)

For dei som har rett til barnehageplass gjeld følgjande kriterie som grunnlag for opptaket i prioritert rekkefølge:

1. Barn som etter sakkunnig vurdering har førerrett på grunn av funksjonshemming og barn med vedtak etter lov om barnevernstenester. (jfr. Barnehagelova §13)
2. Barn med særleg trong for barnehageplass p.g.a sosiale, helsemessige eller andre spesielle tilhøve i heimen.
3. Barn etter alder, eldst først.

Ved søknad om opptak etter prioritert kriterium (1 og 2), skal det leggjast ved dokumentasjon av nyare dato frå sakkunnig instans som barnevern, helsestasjon, lækjar, PPT. I dokumentasjonen skal det klart gå fram kvifor barnet har særleg trong for barnehageplass.

Før barnet tek til i barnehagen, skal foreldre legge fram erklæring om barnet si helse. (Jf. Barnehagelova § 23)

8 RETNINGSLINJER FOR ENDRING AV OPPHALDSTID

Barn som er tildelt barnehageplass har førerrett til auke av oppholdstid etter oppstart i barnehagen. dersom det etter styrar si vurdering er praktisk og pedagogisk mogeleg innafor dei ressursane barnehagen rår over.

9 OPPSEIING OG PERMISJON

Oppseiing / reduksjon av barnehageplass skal vere skriftleg og sendast til barnehagen. Oppseiingstida er 2 månader frå den 1. i kvar måned. Foreldre/føresette må betale i oppseiingstida. Foreldre som seier opp eller reduserer barnehageplassen etter 1. mars, må betale som før 1. mars ut barnehageåret. Ved særlege høve kan det gjerast unntak frå regelen. Det vert til vanleg ikkje gjeve permisjon frå ein tildelt plass utover vanleg fråvere/ferie.

10 REGLAR FOR FORELDREBETALING

Kommunestyret fastset betalingssatsar og reglar for søskenmoderasjon i samsvar med gjeldande føresegner.

Søskenmoderasjon:

*Full pris for det barnet som har det dyraste tilbodet.

*30% moderasjon for barn nummer to.

*50% moderasjon for dei øvrige barna.

Moderasjonen gjeld sjølv om barna er i ulike barnehagar i kommunen.

Barn som får spesialpedagogisk hjelp i barnehage etter reglane i opplæringslova får betalingsfri dei timane dei får slik hjelp. Barnehagetilbod utover dette skal det betalast høvesvis for, utrekna etter vanlege satsar.

Betaling for mat kjem i tillegg. Satsar for matpengar vert justert av Rådmannen.

Det må betalast for 11 månader i året. Juli er betalingsfri.

Barn si maksimale opphaldstid i barnehagen er 9 timar pr. dag. Dersom barn ikkje blir henta innanfor maksimal opphaldstid, eller etter ordinær stengetid, vert det kravd ekstra betaling etter gjeldande retningsliner.

Rådmannen kan inndra tildelt plass ved manglande betaling.

11 OPNINGSTID - TILBOD

Barnehagane har fylgjande tilbod:

5, 4 eller 3 dagar pr. veke

Opningstid: 07.00 – 16.30. I særskilde tilfelle kan foreldre søkje (skriftleg) til styrar om utvida opningstid.

Det vert årleg utarbeidd eiga barnehagerute der dei 5 lovpålagde planleggingsdagane vert fastlagde. Barnehagen er stengd desse dagane.

Ferie:

Alle barnehageborn skal ha minst 3 veker samanhengande sommarferie. Barnehagen er stengd 4 veker om sommaren (veke 28 – 31).

Desse dagane er barnehagen open berre ved påmelding:

Julafta (til 12.00), romjula, nyttårsafta (til 12.00), onsdag før skjærtorsdag (til 12.00).

Påmelding innan 2 veker før ferien startar.

Nytt barnehageår startar 1. måndag i august.

12 TEIEPLIKT

Alle som jobbar i barnehage har teieplikt. Dette i samsvar med forvaltningslova § 13.

13 AREALUTNYTTING

Netto leike- og opphaldsareal inne er 4 kvm. pr. barn over 3 år og 5,3 kvm. pr. barn under 3 år.

Leike- og opphaldsareal ute må minst vere på 24 kvm. pr. barn.

Med netto leike- og opphaldsareal meiner ein det areal som faktisk står til rådvelde for borna sine aktivitetar.

14 PERSONALET

Personalet skal vere i samsvar med lov om barnehagar med føreskrifter.

50% av grunnbemanninga bør vere pedagogar.

Grunnbemanninga i barnehage skal vere 3 heile stillingar ved 18 heile plassar over 3 år, og per 9 heile plassar under 3 år.

Kravet om at ett ekstra barn utover pedagognorma sitt minstekrav utløyser behov for ei ny heiltidsstilling som pedagogisk leder er forskriftsfesta.

15 INTERNKONTROLL

Kommunale barnehagar har internkontrollsystem i samsvar med kommunen sitt internkontrollsystem.

Vedtektene er vedtekne i utval for oppvekst og helse 24.10.17 og vert gjort gjeldande frå 01.11.2017.